

Thaimaten slår godt an!!

12.05.2013



Pornthip og Saijai serverer god og populær mat frå vogna ved gamleskulen.

**Thaivogna ved gamleskulen har no vore i drift sidan før påske, og for mange har det blitt ein plass der dei svært gjerne stoppar. Sjefskokk Pornthip Pomngern er veldig fornøgd med utviklinga, og ho kan melde om det har vore svært travelt siste veka. Søndag hadde ho svært god hjelp av Saijai O. Vekve**

- Vi er kjempegodt fornøgd! Vi har fått mange faste kundar som kjem igjen og igjen. Veldig mange av dei er her frå Uskedalen, men det kjem og mange frå heile Kvinnherad. Du må skriva at det er så snille kundar her, seier Pornthip Pomngern smilande som alltid

Kundane er veldig fornøgd med maten. Vår kjære redaktør, Matti, må vel absolutt betraktast som ein kjennar av internasjonale matrettar. Han skal ha prøvt dei fleste(alle?) rettane som vert servert i vogna, og er svært begeistra for maten. Det er ei oppfatning han deler med svært mange!!

Det er kort ventetid på maten. Frå vi har bestilt til den er klar, rekk vi berre ein rask tur på Spar-butikken. Om vi vil bestilla på førehand, kan vi ringja 970 68 597. Opningstida er frå kl.14 til kl.21 kvar dag.

Av: Thor Inge Døssland.